



DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 87

(2008–2009)

## Om nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo (IFI2)

*Tilråding fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 5. juni 2009,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Stortinget vedtok våren 2005 løvning til byggestart for nybygg for informatikkmiljøa ved Universitetet i Oslo (IFI2), jf. St.prp. nr. 65 og Innst. S. nr. 240 (2004-2005) om tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet for 2005. Nybygget vil samle informatikkmiljøet og betre datatryggleiken, arbeidstilhøva og produktiviteten på eit viktig område. Prosjektet fekk då ei kostnadsramme på 912,8 mill. kroner i prisnivå pr. juli 2005. Styringsramma vart sett til 838,8 mill. kroner i prisnivå pr. juli 2005. Som følgje av prisutviklinga i byggemarknaden viste det seg at denne ramma ikkje kunne haldast. På den bakgrunn vart kostnadsramma i prosjektet auka til 1 080 mill. kroner i prisnivå pr. 15. september 2006, jf. St.prp. nr. 90 (2006-2007) og Innst. S. nr. 17 (2007-2008). Det vart òg gjennomført fleire innsparingstiltak i prosjektet for å redusere trøngen for auka kostnadsramme. Som følgje av denne rammeutvidinga har prosjektet i dag ei kostnads- og styringsramme på 1 206 mill. kroner og 1 159,6 mill. kroner i prisnivå pr. juli 2009. Bygget er venta ferdig i 3. kvartal 2010.

### 2 Status i prosjektet

Sjølv etter rammeutvidinga i 2007 har prosjektet hatt ein stram økonomi, og i St.prp. nr. 1 (2008-

2009) vart det orientert om at prosjektet er i ein krevjande økonomisk situasjon.

Det er gjort ein ny gjennomgang av prosjektet. Gjennomgangen har vist at det ikkje er mogleg å fullføre prosjektet innanfor gjeldande kostnadsramme. Prognosert sluttkostnad er no 1 310,4 mill. kroner (P50) og 1 357,5 mill. kroner (P85). Samanlikna med eksisterande kostnadsramme inneber det ei overskridning på 104,4 mill. kroner for P50 og 151,5 mill. kroner for P85. Store delar av eksisterande ramme er forplikta. Prosjektet må difor trappest ned frå og med sommaren i år, om kostnadsramma ikkje vert utvida før den tid. Statsbygg har tilrådd at kostnadsramma og styringsramma vert utvida til 1 357,5 mill. kroner og 1 310,4 mill. kroner i prisnivå pr. juli 2009.

Det er venta at utbetalingane i prosjektet vert 57,2 mill. kroner høgare i 2009, enn det som er lagt til grunn i saldert budsjett 2009. Det er difor i St.prp. nr. 67 (2008-2009) om tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet for 2009 gjort framlegg om ein auke av løyvinga til prosjektet på 57,2 mill. kroner.

Den viktigaste årsaka for å auke kostnadsramma er at innsparingane som vart gjort i samband med rammeutvidinga i 2007, fekk uventa konsekvensar for andre delar av prosjektet. Mellom anna førte endringar i bygningsentreprisane til meir krevjande løysingar og montasjeforhold for dei tekniske entreprisane (VVS og elektro). Utgifte til prosjektering (omprosjektering pga. inn-

sparingstiltaka) og til prosjektleiing og byggeleiing vart òg vesentleg høgare enn det som til no har vore venta. Det ligg òg føre tvist om delar av entreprisane. Vidare vil utgiftene til opparbeidning av tomt rundt bygget verte vesentleg høgare enn det som vart lagt til grunn då kostnadsramma vart sett.

### **3 Framlegg om ny kostnads- og styringsramme**

---

Mellom anna i lys av den sterke kostnadsauken for dette prosjektet vil det verte gjennomført ein ekstern gjennomgang av prosjektet. Førmalet med denne gjennomgangen er å få betre oversikt over kvifor det er naudsynt å auke kostnadsramma såpass mykje. Det vil også redusere risikoien for å komme i liknande situasjoner i framtida.

Det er også vurdert om ein bør stoppe prosjektet i påvente av resultatet av denne gjennomgangen. Ein slik stopp i arbeida i prosjektet vil truleg sinke prosjektet med ca seks månader. Vidare vil dei fleste av dei 130 personane som er tilsette i prosjektet, miste jobben. Ein stopp vil i tillegg gje store meirkostnader for prosjektet i form av tapt produktivitet under avvikling av eksisterande kontraktar, oppfølging av plikter som gjeld avbestilling av kontraktar som er inngått, utgifter til å inngå nye kontraktar, og til vakthald og sikring før byggjearbeida kan starte oppatt. Sjølv om byggjemarknaden ikkje er så stram som tidlegare, er det lite realistisk at meirutgiftene ved ein stopp lar seg tene inn ved nye anbod. Ei utsetjing av prosjektet vil ha uhel-

dige konsekvensar for Universitetet i Oslo, både for organiseringa av undervisninga og for forskinga, men òg for datatryggleiken ved Universitet i Oslo og dei nasjonale funksjonar universitetet har ansvar for. Etter ei samla vurdering er det vurdert at den beste løysinga difor vil vere å utvide kostnads- og styringsramma, slik at ein unngår stopp i prosjektet. Det vert difor gjort framlegg om å utvide kostnadsramma i dette prosjektet til 1 357,5 mill. kroner i prisnivå pr. juli 2009. Styringsramma vil verte sett til 1 310,4 mill. kroner i prisnivå pr. juli 2009.

### **4 Økonomiske og administrative konsekvensar**

---

Ein auke av kostnadsramma for prosjektet vil føre til at løvingane til prosjektet vil auke i 2010. Det er ikkje naudsynt å auke løyvinga til prosjektet i 2009 ut over framlegget til løyving i St.prp. nr. 67 (2008-2009).

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo (IFI2).

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t a r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo (IFI2) i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag****til vedtak om nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo  
(IFI2)**

I

Stortinget samtykkjer i at kostnadsramma for nytt informatikkbygg ved Universitetet i Oslo (IFI2) vert auka med 151,5 mill. kroner til 1 357,5 mill. kroner i prisnivå pr. juli 2009.

---

---

